



KTI-notat nr.: 38/2007 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Tveitelva Kraft AS/ Tveitelva kraftverk	
Fylke/kommune:	Hordaland/ Kvinnherad	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: <i>Øystein Grundt</i>
Saksbehandler:	Maria Ystrøm	Sign.: <i>Maria Ystrøm</i>
Dato:	23 APR 2007	
Vår ref.:	NVE 200700547-1	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til Tveitelva kraftverk i Kvinnherad kommune, Hordaland fylke

Innhold

Søknad	2
Uttalelser til søknaden	12
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	25
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	26
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) vurdering	29
Konklusjon	31
Merknader til konsesjonsvilkårene	32

NVE mener fordelene ved det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir i medhold av vannressursloven § 8 Tveitelva Kraft AS tillatelse til å bygge Tveitelva kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Tveitelva Kraft AS datert 3.4.2006:

"Tveitelva Kraft AS ønskjer å nytte vassfallet i Tveitelva i Kvinnherad kommune i Hordaland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. §8, om løyve til:

- å bygge Tveitelva kraftverk

2. Etter ureiningslova om løyve til:

- gjennomføring av tiltaket

Kraftverket blir tilknytta det eksisterande 23 kV nettet og det blir inngått avtale om bygging og drift av høgspenningsanlegget med områdekonsesjonæren Kvinnherad Energi AS.

Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing. Vi ber om ei snarleg handsaming av søknaden."

Vi refererer vidare fra søknaden:

”

1. Innleiing

1.1. Om søkjaren

Tveitelva Kraft AS under stifting står som søkar og vil førestå utbygging og drift av kraftverket. Selskapet er eit privat aksjeselskap eigd av dei grunneigarane som har fallrettar i prosjektet.

1.2. Grunngeving for tiltaket

Føremålet med tiltaket er å styrke busetting og det lokale næringsgrunnlaget.

1.3. Geografisk plassering av tiltaket

Utbyggingsområdet ligg i Mauranger i Kvinnherad kommune i Hordaland.

1.4. Situasjon i dag og eksisterande inngrep.

Tveitelva er ei lita elv som får tilsiget frå fjellområdet nord for Nordrepollen på Folgefonnhalvøya.

Nedbørsfeltet er på 7,8 km² og medelvassføringa 0,95 m³/s.

Elva renn i sørleg retning gjennom den trange Flatebødalen og har utløp innerst i Nordrepollen. Landskapet er kupert og prega av høge fjell opp til 1200-1300 moh. Kvanngroddvatnet k. 969 er tidlegare overført til Langevatnet med tunnel og det går ei større kraftlinje i fjellområdet vest for nedbørsfeltet.

Den nedre delen av elva renn i eit bratt fossestryk og landskapet er her sterkt prega av eit nedlagt grustak. Ved utløpet i fjorden er det kulturlandskap med busetting, vegar og andre mindre tekniske inngrep.

Inntaket i Tveitelva på kote 235 vil medføre at eit areal på ca. 1,15 km² inngrepsfri natur sone 2 går tapt.

NVE har gitt konsesjon til bygging av eit minikraftverk som utnyttar nedre delen av Tveitelva, men dette kraftverket vil ikkje bli realisert dersom det omsøkte kraftverket får konsesjon.

2. Beskriving av tiltaket

2.1. Hovuddata

Kraftverket

Nedbørfelt (km ²)	7,8
Middelvassføring (m ³ /s)	0,95
Alminneleg lågvassføring (l/s)	30
Inntak på kote	235
Avlaup på kote	5
Brutto fallhøgde (m)	230
Midlere energiekvivalent kWh/m ³	0,51
Slukeevne, maks. (m ³ /s)	1,76
Slukeevne, min. (m ³ /s)	0,06
Tillaupsrør, diameter (mm)	800
Installert effekt, maks. (MW)	3,3
Bruktid (t)	3446
Magasinvolym mill. m ³	0
HRV	
LRV	
Produksjon, vinter (GWh) (1/10 – 30/4)	4,39
Produksjon, sommar (GWh) (1/5 – 30/9)	6,72
Produksjon, årleg middel (GWh)	11,11
Utbyggingskostnad (mill.kr)	16,0
Utbyggingspris (kr/kWh)	1,44

Elektriske anlegg

Generator	Yting MVA	Spennning kV
	3,5	<1
Transformator	Yting MVA	Omsetning kV/kV
	3,5	<1/23
Kraftlinjer (jordkabel)	lengd	Nominell spenning kV
	100	23

2.2. Teknisk plan for det søkte alternativ

Hydrologi og tilsig

Nedbørsfeltet ligg mellom 250 og 1300 moh og inneheld mest snauffell uten sjøareal og lausmasser av betydning for avrenninga. Den naturlege sjølvreguleringa er dermed liten og vassføringa varierer sterkt.

Kraftverket får eit nedslagsfelt på 7,8 km² og normaltilsiget for perioden 1974-02 er berekna til 0,95 m³/s som gir eit årstilsig på 30,0 mill.m³.

Alminneleg lågvassføring er berekna til 30 l/s.

Medel restvassføring oppstrøms kraftstasjon er berekna til 0,07 m³/s.

Det hydrologiske grunnlaget er vassmerke 46.7 Brakhaug som måler avløpet i Tveitelva på k. 150.

Reguleringar og overføringar

Tiltaket medfører ingen reguleringar eller overføringar

Inntak

Inntaket i Tveitelva på kote 235 blir utført som eit tradisjonelt bekeinntak med ein 15 lang lausmasseterskel over elveløpet med største høgde ca 1 m og ein 30 m lang utgravd inntakskanal til side for elva. Kanalen får bredde 8 m og skal tene som sedimenteringsbasseng. Inntaket til tilløpsrøret blir utført med ein betongkonstruksjon under bakkenivå og den blir utstyrt med inntaksrist, innløpskonus og stengeventil. Inntaksbassenget inkl. kanalen får eit vassvolum på ca 700 m³.

Det er tett skog (lauvskog) i området og grunnen består av blokkrik lausmasse.

(...)

Vassveg

Frå inntaket vert driftsvatnet ført ned til kraftstasjonen i eit 940 m langt tilløpsrør av glasfiberarmert plast (GRP) på øvre delen og duktilt støpejern på den bratte nedre delen.

Røret får diameter 0,8 m og vert nedgravd i grøft på heile strekninga, og overfylt med lausmasser slik at det ikkje vil vere synleg.

Den øvre delen av rørtraseen går gjennom eit område med tett lauvskog, medan den nedre delen går i meir opent terreng med beitemark og tett einerkratt. Det er lausmasser overalt og ein reknar ikkje med fjellsprenging for grøft av betydning.

(...)

Kraftstasjonen

Kraftstasjonen vert plassert på kote 5 og avløpet blir ført tilbake til elva gjennom ein kort lukka kanal.

Det er planlagt installert to Peltonturbinar med samla effekt 3,3 MW og samla slukeevne 1,76 m³/s.

Det blir vidare installert to lågspenngenerator med samla effekt 3,5 MVA og ein hovudtransformator med effekt 3,5 MVA og omsetning frå generatorspenning (lågspenng) til 23 kV.

Dei oppgjevne dataene for installasjonen er omtrentlege og kan bli endra etter at det er innhenta tilbod. Spenningsnivået (lågspenng) på utstyret og andre tekniske detaljer blir ikkje bestemt før det er innhenta tilbod fordi leverandørane har ulike konsept for slikt utstyr.

Kraftstasjonshuset får eit areal på ca. 80 m² og enkel utforming med torvtak og trepanel på vegger.

Hovudtransformatoren vert plassert inntil kraftstasjonshuset som ein integrert del.

For å unngå sjenerande støy frå kraftstasjonen, blir det gjort spesielle tiltak som dykking av avløpskanalen (vasslås) og huset blir støysolert.

(...)

Vegbygging

Det er føresett bygt ca 1 km lang permanent tilkomstveg (skogsveg) til inntaket. Vegen vil delvis bli lagt i traceen for tilløpsrøret.

Kraftlinjer

Kraftverket vert knytta til det eksisterande 23 kV nettet med ein 100 m lang jordkabel med spenning 23 kV. Det kan vere aktuelt å skifte eller legge ny 23 kV sjøkabel til Mauranger transformatorstasjon (avhengig av andre småkraftutbyggingar i området).

Eigaren av kraftverket er uten nødvendig elektroteknisk kompetanse og vil inngå avtale med Kvinnherad Energi AS om bygging og drift av høgspennganlegget.

Massetak og deponi

Tiltaket medfører ikkje behov for uttak eller deponering av masser.

Kjøremønster og drift av kraftverket

Kraftverket blir kjørt med konstant vasstand i inntaket og vil utnytte tilsiget i elva til ei kvar tid uten noko form for utjamning eller regulering. Effektkøyring er ikkje aktuelt.

2.3. **Kostnadsoverslag**

	mill.NOK
Reguleringsanlegg	
Overføringsanlegg	0,0
Inntak	0,4
Tilløpsrør	3,3
Kraftstasjon. Bygg	0,9
Kraftstasjon. Maskin/elektro	7,6
Transportanlegg. Kraftlinje	1,3
Bustadar, verkstader, adm.bygg, lager, etc	0
Tersklar, landskapsstell	0,1
Uførutsett	1,0
Planlegging. Administrasjon.	1,0
Erstatningar, tiltak, ervery, etc	0,1
Finansieringsavgifter og avrunding	0,3
Sum utbyggingskostnader	16,0

Kostnadsoverslaget er basert på prisnivå 2006.

2.4. **Framdriftsplan**

Byggetida er berekna til 9 mnd (1 sommarsesong).

2.5. **Fordelar ved tiltaket**

Fordelane ved tiltaket knyter seg hovudsakleg til kraftproduksjonen på 11,11 GWh/år. Det lokale næringsgrunnlaget blir styrka og utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetting og lokal aktivitet.

2.6. Arealbruk, eigdomsforhold og offentlege planar

Arealbruk

For å gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til midlertidige og permanente anlegg. Dei midlertidige anlegga (riggområde, mellomlager, etc) vil bli levert tilbake når arbeidet er ferdig.

I tillegg til arealbehovet som er angitt i tabellen under, vil det bli lagt 100 m lang jordkabel (23 kV) over veg/innmark.

	Midlertidig Arealbehov (da)	Permanent Arealbehov (da)	
Inntaksområde, kanal	2	1	Utmark
Tilløpsrør	15	0	Utmark, innmark, veg
Kraftstasjonsområde	1	0,5	Innmark
Tilkomstveg inntak	4	4	Utmark

Eigdomsforhold

Alle fallrettar og grunnrettar som vert utnytta er i privat eige og det er desse eigarane som førestår utbygginga gjennom selskapet Tveitlva Kraft AS.

Aksjeselskapet vil inngå avtaler om leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbygginga.

Følgjande eigedomar i Kvinnherad kommune vert berørt:

Gnr/Bnr Eigar

Adresse

54/1	Jens Johan Flatebø	5476 Mauranger
54/2	Nils Flatebø	Klokkeåsen 45, 3180 Nykirke
	Per N. Flatebø	Slettanesv. 48, 5457 Høylandsbygd
54/3	Øyvind Flatebø	5476 Mauranger
54/4	Jan Flatebø	5476 Mauranger

Samla plan for vassdrag

Prosjektet er under grensa for handsaming i Samla Plan og kjem ikkje i konflikt med andre prosjekt i Samla Plan.

Verneplanar, kommuneplanar og andre offentlege planar

Det føreligg ingen verneplanar for Tveitlva.

I kommunen sin arealplan er området disponert til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF).

I fylkeskommunen sin delplan for arealbruk er området ikkje disponert for spesielle føremål.

Det føreligg forslag til reguleringsplan for Fv107 Jondalstunnelen etter to alternativ. Ved det eine alternativet (kort tunnel) vil tunnelen munne ut på ca kote 110 rett vest for Tveitelva og vegen vil krysse elva og det nedlagde grustaket. Det andre alternativet (lang tunnel) berører ikkje området.

2.7. *Alternative utbyggingsløyser*

Det er vurdert ulike effektinstallasjonar og fallutnytingar for å optimalisere den økonomiske verdien av prosjektet. Det er også vurdert overføring av Reppavatnet, men dette er ikkje funne lønsamt.

3. *Verknader for miljø, naturressursar og samfunn*

3.1. *Hydrologi*

Kraftverket får eit nedslagsfelt på 7,8 km² og normaltilsiget er berekna til 0,95 m³/s som gir eit årstilsig på 30,0 mill.m³. Alminneleg lågvassføring er berekna til 30 l/s og medel restvassføring oppstrøms kraftstasjon til 0,07 m³/s.

5-persentil sommarvassføring/vintervassføring er berekna til 0,22/0,03 m³/s.

Det er foreslått slepping av minstevassføring med 30 l/s om vinteren og 60 l/s om sommaren.

Etter utbygging vil medelvassføringa over året bli redusert til 24 % av naturleg vassføring på den berørte elvestrekninga.

Sommar 1. mai - 1. oktober

Når tilsiget til inntaket er mindre enn 0,12 m³/s, vil kraftverket vere ute av drift og vassføringa vert uendra.

Når tilsiget til inntaket er i området 0,12-1,82 m³/s, vil vassføringa i elva vere 0,06 m³/s.

Når tilsiget til inntaket er større enn 1,82 m³/s, vil den overskytande del av vassmengda gå i elva.

Vinter 1. oktober - 1. mai

Når tilsiget til inntaket er mindre enn 0,09 m³/s, vil kraftverket vere ute av drift og vassføringa vert uendra.

Når tilsiget til inntaket er i området 0,09-1,79 m³/s, vil vassføringa i elva vere 0,03 m³/s.

Når tilsiget til inntaket er større enn 1,79 m³/s, vil den overskytande del av vassmengda gå i elva.

Vassføringa i elva ved inntaket før og etter utbygging er vist som diagram for utvalde år (vått, tørt, medels) i vedlegga bakerst i søknaden. I 1999 som var eit medelår, var vassføringa mindre enn kraftverket si minste slukeevne i til saman 1 dag og større enn kraftverket si største slukeevne i til saman 62 dagar.

Flaumvassføringar vert lite påverka av utbygginga.

Kraftverket har ingen reguleringsmagasin og vassføringa i elva oppstrøms inntaket og nedstrøms kraftstasjonen vert dermed ikkje påverka.

3.2. Vassstemperatur, isforhold og lokalklima

Vassføringa i elva varierer sterkt avhengig av nedbør og snøsmelting. Fråføring av vatn vil medføre at vassstemperaturen vil auke litt på den berørte elvestrekninga ved snøsmelting og dette vil gi marginalt høgare lufttemperatur i nærområdet til elva. Elva har eit jamnt bratt fall med liten isproduksjon og tilhøva for islegging (temperatur og vassdekt areal) vil endre seg lite.

Tiltaket vil ikkje medføre nemnande konsekvensar

3.3. Grunnvatn, flom og erosjon

Elva renn hovudsakleg på fjellgrunn med bratt fall på den berørte strekninga og utbygginga vil ikkje ha nemnande konsekvensar for grunnvatn.

Kraftverket si slukeevne er 1,76 m³/s og største registrerte flaumvassføring for perioden 1970-99 er 12,7 m³/s (1972).

Utbygginga vil ha ein liten flaumdempende effekt, men vil ikkje ha nemnande konsekvensar for erosjon på den berørte strekninga (elveløpet er stabilt).

3.4. Biologisk mangfald og verneinteresser

Generell beskrivelse av situasjon og egenskaper / kvaliteter		i) Vurdering av verdi
Tveitelva er et lite vassdrag (7,8 km ² ved planlagt inntak og normaltlig 0,95 m ³ /s) som drenerer sørover mot Flatebø i Maurangsfjorden fra fjellområdene nord for Nordrepollen på Folgefonnhalvøya. Nedbørfeltet er nesten uten vann og innsjøer ettersom Kvanngrovdvatnet (969 m o.h.) tidligere er overført til Langavatnet i øst. Vassdraget fører sjørret på en 250 m lang strekning nederst i elva. Det er registrert en viktig naturtype i planområdet (jf. definisjonene i DN-håndbok 13-1999); naturbeitemark ovenfor Træd. Det er ikke registrert truede vegetasjonstyper. Sikre rødlistede arter i planområdet er; hubro, hønehauk og kongeørn. Potensiale for å påtreffe andre rødlistede arter er klart til stede. Fjellområdene høyere opp i nedbørfeltet har innslag av urørt natur.		Liten Middels Stor ▲
Datagrunnlag: Litteraturstudier, gjennomgang av ulike databaser, intervjuer og eget feltarbeid.		Middels godt
ii) Beskrivelse og vurdering av mulige virkninger og konfliktpotensiale		iii) Samlet vurdering
Elvekraftverk uten regulering. Tveitelva tas inn på kote 235. Driftsvannet føres i en 940 m lang nedgravd rørgate	Vannføring i Tveitelva mellom kote 235 og 5 vil over året bli redusert til 24 % av naturlig vannføring. Planlagt slipping av minstevannføring vil redusere ulempene for fuglearter og for karplanter, lav- og moseflora og andre organismegrupper som er nært knyttet til fosser og stryk. Arealkrevende terrenginngrep som bygging av elveinntak, nedgravd rørtrasé og jordkabeltrasé, tilkomstveg til elve-inntaket og kraftstasjonsbygning med utslippskanal ventes bare å medføre moderate negative konsekvenser for	Liten-middels negativ

til kraftstasjon på kote 5 (planlagt effekt 3,3 MW; maks. slukeevne 1,76 m³/s; beregnet årsproduksjon 11,11 GWh). Kraftverket tilknyttes eksisterende 23 kV nett ved en 100 m lang jordkabel. Tilkomsveg bygges ca. 1 km fram til elveinntaket. Det er foreslått slipping av minstevannføring med 30 l/s om vinteren og 60 l/s om sommeren.	biologisk mangfold. Unntaket gjelder der nedgravd rørgate og tilkomst-veg til elveinntaket passerer viktig naturbeitemark/einerbakke i til dels sterkt skrånende terreng ovenfor Træd. Ulempene vil generelt være størst under, og like etter, anleggsfasen. Forstyrrelser knyttet til anleggsarbeid og annen ferdsel/aktivitet vil virke negativt inn på fugle- og dyrelivet. Yngleperioden er mest kritiske periode. Omsøkte utbygging vil innskrenke arealer med inngrepsfri natur sone 2 (1-3 km fra tekniske inngrep) med ca. 1,15 km².											
	Omfang: <table><tr><td>Stort</td><td>Middels</td><td>Lite/</td><td>Middels</td><td>Stort</td></tr><tr><td>negativt</td><td>negativt</td><td>intet</td><td>positivt</td><td>positivt</td></tr></table> ▲	Stort	Middels	Lite/	Middels	Stort	negativt	negativt	intet	positivt	positivt	
Stort	Middels	Lite/	Middels	Stort								
negativt	negativt	intet	positivt	positivt								

3.5. Fisk og ferskvassbiologi

Det finst ein tynn bestand av småfallen aure på den berørte elvestrekninga.

På den 250 m lange strekninga frå sjøen til fossestryket kan det gå opp litt sjøaure, men det er berre den 190 m lange strekninga nedanfor kraftstasjonen som kan ha nemnande betydning som gyteplass. Ovanfor kraftstasjonen er elva bratt og storsteina uten gytesubstrat. Det har aldri vore fiska i elva og det indikerer at evt. fiskeoppgang er svært liten.

3.6. Flora og fauna

Den øvre delen av området med inntaket er dominert av lauvskog (or) og einerkratt. På den nedre delen er det innmark og beitemark med kantskog mot elva. På vestsida av elva ovanfor garden Træd ligg naturbeitemark med stort innslag av einer som er vurdert som viktig.

Av raudlista fugle- og pattedyrarter er det registrert hubro, hønehauk, kongeørn og flaggermus.

Det er ikkje venta spesielle konsekvensar.

3.7. Landskap

Området er prega av høge og bratte fjell og framstår som typisk for regionen. Nede ved fjorden er det opent kulturlandskap med busetting, vegar, krafllinjer og eit stort nedlagt grustak. Elva

renn her i eit bratt fossestryk og er godt synleg, ellers har elva liten betyding for landskapsbiletet.

Redusert vassføring i fossestryket vil få negative konsekvensar, men foreslått minstevassføring og hyppige overløp vil redusere skadeverknaden. Ved flaumvassføringar vil landskapsbiletet bli om lag uendra.

Dei tekniske anlegga som utbygginga medfører er små og avgrensa og har liten betyding for natur og landskap.

Inntaket i Tveitelva på kote 235 vil medføre at eit areal på ca. 1,15 km² inngrepsfri natur sone 2 går tapt.

(...)

3.8. Kulturminner

Det finst fleire kulturminner i området som er knytta til utnytting av elva og tidlegare landbruksdrift, men ein kjenner ikkje til kulturminner som vert direkte berørt av utbygginga.

3.9. Landbruk

Det må avståast 0,5 da innmark til kraftstasjonen og 1 da utmark til inntaket.

Tilløpsrøret vert nedgravd og vil ikkje medføre ulemper på lengre sikt.

Ellers er det ingen nemnande konsekvensar..

3.10. Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Elva vert i dag nytta som vasskjelde av 1 husstand (forbruk 1 l/s) og minstevassføringa (30/60 l/s) vil vere tilstrekkeleg til å oppretthalde forsyninga.

Elva får tilført litt ureining frå beitedyr, men er ellers lite påverka av ureining. Ein reknar med at restvassføringa saman med hyppige overløp (flaumar) vil ivareta resipientinteressene.

3.11. Brukerinteresser

Fiske

Det finst ein tynn bestand av småfallen aure på den berørte elvestrekninga, men det føregår ikkje nemnande fiske. Ved utløpet i fjorden blir det sporadisk fiska litt sjøaure av tilreisande.

Jakt

Det er ein medels stor hjortebestand i området og jakt vert utført av grunneigarane. Utbygginga får ingen permanente konsekvensar av betyding for vilt og jakt.

Ferdsel og friluftsliv

Det finst ei merka turrute gjennom Flatebødalen, men området er lite nytta og ein ventar ingen nemnande konsekvensar.

3.12. Samiske interesser

Det er ingen samiske interesser i området.

3.13. Samfunnsmessige verknader

Det lokale næringsgrunnlaget blir styrka og utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetting og anna lokal aktivitet. Det offentlege vil få skatteinntekter på 0,7 mill. kr etter nokre år.

Tiltaket vil gje ein mindre sysselsettingseffekt i byggetida og 0,3 årsverk i driftsfasen.

Ulempene ved tiltaket er vurdert som små.

3.14. Konsekvensar av kraftlinjer

Kraftverket vert tilknytt eksisterande 23 kV linjenett med ein 100 m lang nedgravd jordkabel.

Bygging av kraftverket kan medføre forsterking av det eksisterande 23 kV nettet med ny sjøkabel til Mauranger transformatorstasjon.

3.15. Konsekvensar av ev. alternative utbyggingsløyningar

Det er ingen andre aktuelle utbyggingsløyningar.

4. Avbøtande tiltak

Fysiske inngrep

Det blir lagt vekt på å utføre dei fysiske inngrepa slik at ein tar vare på vegetasjon og unngår skjemmande sår i terrenget. Dyrka mark i traceen for tilløpsrøret vert utbetra og vegetasjonsdekket i røtraceen ellers vert tatt vare på og reetablert for å oppnå rask naturleg utsjånad.

Kraftstasjonsbygningen vert tilpassa lokal byggeskikk og utført med torvtak og utvendig trepanel.

Minstevassføring

Det er foreslått slepping av minstevassføring med 60 l/s i tida 01.05-30.09 og 30 l/s i tida 01.10-30.04 av omsyn til landskapet.

Uttalelser til søknaden

NVE har mottatt følgende uttalelser til søknaden:

Kvinnherad kommune gjorde følgende vedtak i formannskapet 17.8.2006:

„

1. Kvinnherad kommune tilrår konsesjon for utbygging av Tveitelva kraftverk med tilhøyrande anlegg.

2. Det må setjast strenge krav til opparbeiding og etterarbeid i samband med tilkomstvegen til kraftanlegget.

3. Det må vurderast grundig ora den foreslegne minstevassføringa er tilstrekkeleg til å ivareta

opplevingsverdien som fossen over Fossaskarva har.”

Til bakgrunn for vedtaket lå følgende saksutredning:

”Frå NVE har kommunen fått konsesjonssøknad for bygging av Tveitelva kraftverk i Nordrepollen til uttale. Kommunen skal spesielt vurdere utbyggingsplanane i høve til kommuneplan og elles gje ei kort framstilling av lokale interesser knytt til prosjektet.

Vedlagt følgjer deler av konsesjonssøknaden. Heile søknaden er utlagt på rådhuset.

I kommunedelplanen for Mauranger-området, som vart vedteken i 2005, er området som er omfatta av kraftutbyggingsplanane vist som LNF. Eit mindre område ved sjøen vest for utløpsosen til Tveitelva er utlagt til utbyggingsføremål (utleiehytter og småbåthamn). Syngjelsanden vest for elveosen er vist som friluftsområde i sjø.

Kraftutbyggingsplanane går ut på å ta inn vatn frå Tveitelva på kote 235 og byggja kraftstasjon på kote 5 ved landbruksvegen på vestsida av elva. Imtaket skal byggjast som ein lausmasseterskel med største høgde 1 m og ein 30 m lang inntakskanal ved sida av elva. Frå inntaket skal vatnet førast i eit 940 m langt røyr som er nedgrave i lausmassar på heile strekninga.

Stasjonsbygningen får ei grunnflate på 60 m². Kraftverket skal knytast til eksisterande 22 kV nett med ein 100 m lang jordkabel.

Tilkomstveg er tenkt bygt ca 1 km opp til elveinntaket. Vegen vil følgja røyrtrassen på vestsida av elva.

Det er føreslege minstevassføring på 301/s om vinteren og 601 /s om sommaren.

Kraftverket får ein årleg middelproduksjon på 11,11 GWh. Utbyggingsprisen er rekna til 16 mill, noko som gir ein rimeleg kostnad pr GWh.

Søklar fekk i 2002 konsesjonsfritak for eit noko mindre kraftverk med inntak på kote 157 og stasjon på kote 20. Vilkår for dette løyvet var at det til ei kvar tid var sikra ei minstevassføring tilsvarende lågvassføring som var oppgitt til 67 l/s. For dette prosjektet var årleg middelproduksjon rekna til 2,1 GWh. I samband med dette kraftutbyggingsprosjektet vart det også gitt løyve til bygging av ein landbruksveg opp til det planlagde inntaket. Denne vegen er delvis bygd.

Statkraft fekk i 2005 konsesjon til å overføra Kvanngrevatn (øvre del av Tveitelva sitt nedbørsfelt) til Langavatn og inn i systemet til Folgefonnverka. Dette medfører at Tveitelva alt er regulert og at naturleg vassføring er redusert.

I ein landskapsanalyse i samband med kommunedelplanen for Mauranger-området er Nordrepollen klassifisert som «131 - typisk for regionen, jamnt godt» i Norsk Institutt for jord- og skogkartlegging sin metode for landskapskartlegging. Området rundt Tveitelva er dominert av eit ope beitelandskap med brake på vestsida av elva og eit nedlagt sandtak på austsida.

Fossen i Tveitelva (Fossaskarva) er eit markert landskapselement og er godt synleg frå store deler av Maurangerfjorden. Det bør vurderast grundig om den føreslegne minstevassføringa er tilstrekkeleg til å ivareta opplevingsverdien som denne fossen har. Det kan her visast til at dei tidlegare godkjende planane inneheldt krav om ei minstevassføring som tilsvara dåverande lågvassføring, dvs 67 l/s.

Eit av alternativa til Jondalstunnel (S9) har innløp på kote 110 vest for fossen. Her vil den planlagde røyrtraseen til kraftverket kryssa den planlagde fylkesvegen. Vegvesenet skriv i sin uttale at dei reknar det som sannsynleg at kraftverksplanane kan tilpassast reguleringsplanen for Jondalstunnelen.

I reguleringsplanen for S9 er det vist område for anleggsveg nedanfor tunnelinnslaget, i same området som tilkomstvegen til kraftverket er vist. Dette er eit særleg sårbart landskapsområde og detaljplanane for begge desse vegprosjekta bør difor samordnast, særleg med tanke på naturinngrep og etterarbeid.

Nedste delen av røyrtraseen vil etter kraftverksplanane kryssa ein steingard. Eit alternativ til kryssing av steingarden er å følgja landbruksvegen. Dersom det vert kryssing, bør steingarden tilbakeførast etter at røyrleidningen er lagt.

Samfunnsmessige verknader av kraftutbygginga er styrking av næringsgrunnlaget for grunneigarane og skatteinntekter til det offentlege (0,7 mill pr år etter nokre år).

Økonomisk konsekvens:

Den omsøkte utbygginga vil tilføra kommunen og lokalsamfunnet inntekter.

Miljømessig konsekvens:

Miljømessige verknader er i konsekvensutgreiinga vurdert som middels negative.

Samla vurdering:

Kommunen ser positivt på at aktuelt vasskraftpotensiale vert utnytta når det ikkje fører til særlege ulemper. Utbygginga av Tveiteleva kraftverk kan vera konfliktfylt sett i høve til natur- og kulturlandskapsverdiane i området, men under føresetnad av at det vert vist varsemd i samband med etablering av veg, røyrgate, inntaksarrangement og kraftstasjon, bør den omsøkte utbygginga kunna tilrådest.

Det må setjast særlege krav til samordning av tilkomstvegen til kraftanlegget og anleggsvegen i samband med Jondalstunnelen.

Det bør vurderast grundig om den føreslegne minstevassføringa er tilstrekkeleg til å ivareta opplevingsverdien som fossen over Fossaskarva har.

Dersom steingarden i nedste del av røyrtrassen vert kryssa, bør den tilbakeførast.”

Fylkesmannen i Hordaland uttaler i brev av 14.8.2006:

”

Kort om prosjektet

Det er planlagt inntak i Tveitelva på kote 235 med kraftstasjon på kote 5. Røyrkata får ei lengde på om lag 940 m og skal gravast ned på heile strekningen. Ny kraftstasjonsbygning vert plassert i dagen. Det skal byggjast ca. 1 km skogsveg fram til inntaket. Nett-tilknytning skal skje ved jordkabel.

Kraftstasjonen vil ha ein installert effekt på 3,3 MW, og planlagd årsproduksjon er 11,11 GWh med ei driftstid på 3446 timar/år. Alminneleg lavvassføring er rekna ut til å vera 30 l/s. Kraftstasjonen har største slukeevne på 1,76 m³/s og minste slukeevne er 0,06 m³/s. Det er planlagt ei minstevassføring på 30 l/s om vinteren og 60 l/s om sommaren.

Fylkesmannens vurdering av prosjektet

Fylkesmannen si vurdering er bygt på opplysningane i søknaden, eigen kunnskap om området og synfaring 06.07.2006, samt opplysningar henta frå Naturbasen.

Biologisk mangfald

Undersøking av biomangfald er utført i tråd med Veileder 1-2004. Men som i dei fleste slike rapportar blir skildringa for generell og til dels irrelevant, og dei organismegruppene der det er størst sjanse for førekomst av raudlisteartar knytt til elvemiljøet (først og fremst mosar, men også lav), er ikkje undersøkte i det heile. Dette skuldast i stor grad kunnskapsmangel, men også at undersøking, særleg av mosar, er tidkrevjande. I dette tilfellet meiner vi at sjansane for å finne raudlisteartar innan dei aktuelle organismegruppene ikkje er spesielt stor (skjønsmessig vurdering basert på berggrunnsforhold og eksposisjon). Vi vil likevel peike på at førekomst av raudlista mosar knytt til elvemiljø er noko uforutsigbar, og at dette difor alltid bør undersøkast.

Verknader for landskap og friluftsliv

Det er alt (2000/2002) gjeve konsesjonsfritak for eit prosjekt som tar vatn frå fossen. Bortsett frå tap av INON-område, medfører ikkje det omsøkte prosjektet særleg fleire negative verknader for dei allmenne interessene. Den viktigaste verknaden er tapet av fossen, som er eit svært viktig landskapselement i eit av dei viktigaste turistmåla i regionen. Vi la i vår uttale i 2000 ikkje spesiell vekt på fossen som landskapselement, men ser no at dette er ein viktig faktor. Fossen er godt synleg frå Sunndal, som er ein av de viktigaste innfallsportane til Bondhusbreen og Folgefonna nasjonalpark. Sjølv om Statkraft nyleg har fått konsesjon for å fråføra ein del av det øvre feltet, vil der vera nok vatn igjen til å halda fossen godt synleg mesteparten av sommaren. I tillegg er det ved det nye prosjektet planlagt ein lengre veg opp til inntakspunktet. Denne vil kunna bli svært skjemmande i landskapet, og vil vera godt synleg frå Sundal.

Lakse- og innlandsfiskeleva

Det er små fiskeinteresser i elva ovanfor fossen, og med den føreslegne minstevassføringa vil bekkeaturen kunna overleva. Nedanfor fossen er det ein bestand av sjøaure. Det er ein liten bestand, og det er ikkje knytta vesentlege fiskeinteresser til den. Det er likevel viktig å ta omsyn til dei bestandane av sjøaure vi har att, etter at så mange har gått tapt. Den skisserte minstevassføringa vil sikra at elva ikkje vert heilt tørr nedanfor kraftverket ved brå stopp i

kjøringa, men vi vil likevel rå til at det blir montert automatisk forbisleppingsventil som sikrar at ikkje vassføringa fell så raskt at fisk strandar.

Forureiningslova

Tiltaket vil ikkje endra forureiningssituasjonen i vassdraget.

Plan- og bygningslova

Det aktuelle anlegget ligg i eit område som er vist som LNF-område der landbruk er dominerande interesse i kommuneplanen for Kvinnherad.

Vegbygging medfører store terrenginngrep. Dei planane som ligg føre er ikkje detaljerte nok til at det er mogeleg for fylkesmannen eller kommunen å ta stilling til desse inngrepa. Om konsesjon vert gjeven må det lagast eigen reguleringsplan, jf. § 23 i Plan- og bygningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen vil gå mot at det vert gjeve konsesjon for omsøkte utbygging. Vi viser her til det som er sagt ovanfor om verknader av vassuttak for landskapsbiletet, og finn det ikkje dokumentert at samfunnsgagnet ved tiltaket er større enn ulempene. Vi vil også visa til at vår førre fråsegn er gjeven i oktober 2000, og med normal framdrift ville fristen for å innretta seg etter vedtaket om konsesjonsfritak vore ute. ”

Hordaland fylkeskommune gjorde følgende vedtak i fylkesutvalget 22.6.2006:

”

- 1. Med bruk av minstevassføring, og under føresetnad av at det vert vist varsemd ved etablering av inntak, veg, røyrgate og kraftstasjon, meiner fylkesutvalet det bør vere rom for bygging av eit elvekraftverk i Tveitelva.*
- 2. Det må særleg takast omsyn til naturbeitemarka ved Træd, og dei gamle steingardane bør byggjast opp alt etter røyret er lagt. NVE bør vurdere naudsynt omfang av minstevassføring for at fossen framleis skal vere eit godt synleg landskapselement. Vidare må utbyggjar unngå skjemmande skjeringar og.fyllingar og søkje å utføre inngrepa så varsamt som mogeleg.*
- 3. I konsesjonsvilkåra må det setjast krav om at dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf Kulturminnelova §8.2 ledd.”*

Som grunnlag for vedtaket lå følgende vurdering fra fylkesrådmannen:

”(…)

3. Verknader av tiltaket

(…)

Biologisk mangfald og verneinteresser

Det er ein tynn bestand av småfallen aure på elvestrekninga som vert råka av utbygginga. På den 250 m lange elvestrekninga frå sjøen og til fossen kan det gå opp noko sjøaure, med det er

berre strekningen nedanfor kraftstasjonen (190m) som er eigna som gyteplass. I følgje rapporten er det berre eit sporadisk sportsfiske i elva.

Øvre del av området er dominert av lauvskog og einerkratt, nedre del har innmark og beitemark med kantskog mot elva. På vestsida av elva ovanfor garden Træd er naturbeitemark som er klassifisert som viktig. Trass fattig berggrunnstilhøve er området botanisk sett middels rikt på artar grunna tilgang på lausmassar og fukt. Også fugl og pattedyrfauna vert vurdert som middels rik, med innslag av raudlisteartar. Følgjande raudlisteartar er registrert i området: hubro, hønehauk, kongeørn og flaggermus, i tillegg er det eit potensiale for andre raudlisteartar som kvitryggspett, dvergspett, piggsvin, gaupe og oter. Berre eit fåtal artar er knytt direkte til elvestrengen, og ingen av raudlisteartene.

Det ligg ikkje føre verneplanar for Tveitelva. Storparten av nedbørsfeltet til Tveitelva ligg i inngrepsfri naturområde sone 2 (1-3 km frå større inngrep). Som følgje av utbygginga med etableringa av inntaket på kote 235, vil eit areal på om lag 1,15 km² inngrepsfri natur gå tapt.

Redusert vassføring i Tveitelva vil forverre situasjonen for fugleartar, karplanter, mose - og lavflora og andre organismegrupper som er nært knytta til fossar og stryk langs elva. I følgje rapporten om konsekvensar for biologisk mangfald kan slepp av minstevassføring på 60 l/s om sommaren og 30 l/s om vinteren vere tilstrekkeleg til å ivareta dei økologiske funksjonane. Ved at dei områda som er best eigna som gyteområde for sjøaure vert liggjande nedanfor kraftverket ventar ein heller ikkje vesentlege ulemper for sjøaure.

Når det gjeld terrenginngrep med grøft for røyr og kabel og tilkomstveg til inntak og kraftstasjon venter ein moderate negative konsekvensar for biologisk mangfald, med unntak for passeringa av naturbeitemarka ovanfor Træd der ein må vise særleg varsemd for å minimalisere terrenginngrepa.

I høve til sårbare artar er det viktig å vise varsemd i hekke/yngetida med omsyn til anleggsaktivitet.

Landskap og friluftsliv

Området er typisk for regionen med bratte høge fjell, og kulturlandskap ved fjorden med busetting, vegar, kraftiliner og eit nedlagt grustak. Elva renn her i bratte stryk og er godt synleg. Det er ei merka turrute gjennom Flatebødalen, men følgje søknaden vert den lite nytta. Det er ein medels stor hjortebestand i området, og jakt vert utført av grunneigarane. I følgje søknaden er det berre eit sporadisk sportsfiske i elva.

Kulturminne

Ut frå arkiva er det ikkje kjende automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med dei omsøkte tiltaka. I samband med vegutbygging i Nordrepollen er det i seinare tid avdekkja fleire automatisk freda kulturminne. Dette er ein audnegard frå jernalder/mellomalder, ein geil frå førhistorisk tid, dyrkingsspor frå bronsealder og jernalder, samt ein lokalitet med busetnadspor frå førhistorisk tid.

Landbruk og andre samfunnsinteresser

Det må avståast 0,5 da innmark til kraftstasjonen og 1 da utmark til inntaket. Tilløpsrøyrret vert nedgrave, og på sikt vert det ingen ulemper av dette.

Utbygginga vil styrkje det lokale næringsgrunnlaget, og etter nokre år vil det offentlege få skatteinntekter på om lag 0,7 mill kr. Tiltaket vil gje ein mindre sysselsettingseffekt i byggetida, og 0,3 årsverk i driftsfasen.

4. Vurdering

Gjennom fylkesdelplan for energi 2001-2012 har ein vedteke visjon, mål og fylkespolitiske retningslinjer for regional energipolitikk. Planar om etablering av ny energiproduksjon i Hordaland

vert vurdert ut frå desse, og for vasskraftutbygging er følgjande mål og retningslinjer aktuelle:

Aktuelle mål frå fylkesdelplan for energi:

3 Ny produksjon og bruk av energi i Hordaland må ta omsyn til miljø og arealkonfliktar

7 Tilgangen på energiresursar skal gje verdiskaping i fylket og danne grunnlag for næring

Aktuelle retningslinjer frå fylkesdelplan for energi

A1. Hordaland skal satsa på utnytting av miljøvenlege og fornybare energikjelder, utan store konsekvensar for verdifulle natur-, friluftsliv- og kulturlandskap og større samanhengande inngrepsfrie naturområde.

A2. Nye anlegg for produksjon og overføring av energi må ikkje lokaliserast i område som er verna etter naturvernlova, kulturminnelova, i nasjonalpark eller i verna vassdrag. Ein bør vere varsam med plassering av nye anlegg tett opp til verna område.

A3. Nye anlegg for produksjon og overføring av energi bør lokaliserast slik at dei ikkje kjem i vesentleg konflikt med viktig natur- og kulturlandskap, kulturmiljø, større inngrepsfrie område, strandsona og viktige område for friluftsliv. Det vert her vist til eigne fylkesdelplanar for kulturminne, friluftsliv og kystsona.

A4. Samlokalisering med tekniske inngrep og etablert arealbruk er ønskeleg for å samle inngrep, og det er ønskeleg at etablering av nye energianlegg skjer nær eksisterande infrastruktur.

A5 Undersøkningsplikta etter kulturminnelova bør oppfyllest i samband med konsekvensutgreiing, og før iverksetting av tiltak i marka.

A6 I samband med konsekvensutgreiing bør:

- større inngrep visualiserast.
- kartunderlag synleggjere område som er omfatta av vern, område med nasjonal og regional verdi og tiltaket sine konsekvensar for "inngrepsfrie område".

AI2. Alternativ bruk av tunnelmassar skal vurderast framfor etablering av tippar i terrenget.

Mål 3 og retningsline A1 syner at det ikkje er noko prinsipielt standpunkt mot ny vasskraftutbygging i Hordaland, men at tiltaka må ta omsyn til miljø og arealkonfliktar. Retningsline A2 og A3 er nærare spesifisering kring dette.

Utbygginga vil ikkje ha verknad for verna areal, og retningsline A2 er ivareteke.

Utbygginga vil redusere omfanget av inngrepsfri natur, og stettar slik ikkje dette punktet i A3. Søknaden framstiller området som lite i bruk i høve friluftsliv, samt at fossen ved fjorden som landskapselement er forringa av det nedlagde grustaket like ved. I samband med søknad for overføring av Kvanngrevatnet til Langevatnet, samt tunnelloysingar for Jondalstunnelen har høyringspartar kome med fråsegner der Flatebødalen med Tveitelva og fossen ved fjorden samt

landskapet elles i Nordrepollen har vore omtalt svært positivt. Ved at det alt er gjeve konsesjon til Statkraft om overføring av vatn frå nedbørsfeltet kan det vere meir naudsynt enn tidlegare å syte for tilstrekkeleg vatn i elva. Med ei tunnelloysing som munnar ut like ved Tveitelva med veg vidare over elva og grustaket vil området i stor grad vere prega av andre tekniske inngrep.

Tiltaket er for lite til at det vert kravd eigen konsekvensutgreiing, og retningsline A6 vert slik ikkje relevant. Det vert ikkje tunnel eller store tipper som følgje av kraftutbygginga, og retningsline A12 vert difor ikkje aktuell i denne saka.

Kulturminne/kulturlandskap:

Grunna potensialet for automatisk freda kulturminne vart det gjennomført ei kulturhistorisk registrering i planområdet 31.05.06. Det vart flateavdekka med maskin i område for kraftstasjon, nedre del av røyrgate og kabeltrase. Vidare vart det overflater registret etter synlege kulturminne i terrenget opp mot elveinntaket. Det vart ikkje avdekka freda kulturmine ut over eit generelt avsviingslag/rydningslag i området.

Røyrgata vil krysse eldre steingardar to plassar. Den eine steingarden ligg ved geithuset, medan den andre ligg oppe i kulturbeitet mot utmark. Utbyggjar må ta mest mogeleg omsyn til desse steingardane, og det bør settast krav om at dei vert tilbakeført etter at røyrgata er lagt ned. Vidare er det viktig å unngå skjemmande skjeringar og fyllingar og utføre inngrepa så varsamt som mogeleg.

Det kan framleis vere uregistrerte fornminne i området. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova 8.2 ledd.

Konklusjon

Eksisterande grustak, planane for Jondalstunnel og Statkraft sitt løyve til overføring av Kvangrevatn til Langevatnet påverkar vassdraget sine landskapskvalitetar. Området har like fullt ein del kvalitetar i høve natur, kulturminne og landskap som det er viktig å ta omsyn til. Med bruk av minstevassføring, og med særleg varsemd ved etablering av inntak, veg, røyrgate og kraftstasjon meiner eg det bør vere rom for bygging av eit elvekraftverk i Tveitelva. Særleg må det takast omsyn til naturbeitemarka ved Trød og passering av dei gamle steingardane, og NVE bør vurdere naudsynt omfang av minstevassføring for at fossen framleis skal vere eit godt synleg landskapselement. Vidare bør må utbyggjar unngå skjemmande skjeringar og fyllingar, og søkje å utføre inngrepa så varsamt som mogeleg.

Sjølv om det er gjennomført ei kulturhistorisk registrering, kan det framleis vere uregistrerte fornminne i området. I konsesjonsvilkåra må det setjast krav om at dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova §8.2 ledd. ”

Statens vegvesen, Region Vest, uttaler i brev av 23.5.2006:

”

Anlegget vil liggja dels i traseen for reguleringsplanen for fv 107, kort Jondalstunnel. Dette alternativet er tilrådd av fleirtalet i Kvinnherad og Jondal kommunar. Statens vegvesen kan

ikkje gå inn for prosjektet dersom det kjem i konflikt med reguleringsplanen for Jondalstunnelen, men reknar det som sannsynleg at ein kan tilpassa planane til reguleringsplan for Jondalstunnelen også dersom alternativet kort tunnel vert valt. ”

Kvinnherad Energi uttaler i brev av 23.5.2006:

”

Viser til Dykkar brev av 18.04.06 vedrørande Tveitelva Kraft AS sin søknad om bygging av Tveitelva kraftverk i Kvinnherad kommune. Det planlagte kraftverket som er på 3,3 MW vert bygd i eit område der Kvinnherad Energi (KE) har svært lite forbruk.

